

Eide Brandasund AS
Att: Vidar Hjartnes
Støavegen 98
5640 Eikelandssosen

Eide Brandasund AS - Tilsegn om utviding av slaktemerdløyve - SP-2025-002344

Fiskeridirektoratet syner til søknad av 22. desember 2025 frå Eide Brandasund AS (frå no av «selskapet» eller «søklar»). Selskapet søker om utviding av løyvet H-B-0040 til slaktemerd ved lokaliteten 16281 Kastevika, til ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på totalt 1200 tonn.

Kvittering for betalt sakhandsamingsgebyr er vedlagt søknaden.

1. Søknaden

Lokaliteten 16281 Kastevika er i dag klarert for eit løyve til slaktemerd, H-B-0040 med kapasitet på 780 tonn.

Slaktemerdløyvet H-B-0040 vart tildelt 04. juli 2004. Løyvet vart tildelt før ordninga med tidsavgrensing av løyve vart innført. Eide Brandasund AS starta opp i 2024 etter at dei overtok slakteriet og løyvet H-B-0040 frå Sjøtroll Havbruk AS.

Søklar grunngjev behovet for utviding av slaktemerdløyvet i at det er nødvendig for å få tilgang på nok råstoff og bidra til kontinuerleg produksjon på slaktelinja ved slakteriet.

Bakgrunnen er ifølgje søklar at *«Utviklinga i brønnbåtnæringa har ført til nyare og større fartøy som tek større laster. Dette gir færre leveringar, noko som er positivt for fiskevelferd, biosikkerheit, økonomi og berekraft. Samstundes stiller det større krav til tilstrekkeleg ventemerdkapasitet for å kunne ta imot desse lastene. Det er behov for kapasitet til å halde fleire fiskegrupper klare for slakting samtidig – mellom anna eigen konvensjonell laks, eigen økologisk laks, eigen aure, samt grupper med ulike sertifiseringar. Eide-selskapa produserer ikkje nok eigen fisk til å dekke behovet ved Eide Brandasund AS. Det er difor også naudsynt å ha kapasitet i ventemerdanlegget til å ta imot og oppbevare også fisk frå eksterne leverandørar.»*

Søknaden gjeld auke av slaktermerdkapasitet frå 780 tonn til 1200 tonn. Ei utviding vil ifølgje søkjar ikkje føre med seg endring i arealbruk, og det skal ikkje gå føre seg føring og produksjon av fisk på lokaliteten.

Det er opplyst at slakteriet kan handtera inntil 150 tonn fisk rundt vekt per døgn på eit skift, og inntil 250 tonn fisk rund vekt per døgn på to skift.

Fiskeridirektoratet viser elles til søknaden og tilhøyrande dokumentasjon.

2. Fiskeridirektoratet si vurdering

Det følgjer av laksetildelingsforskrifta § 6-1 fjerde ledd at akvakultur i slaktermerd skal nyttast til kortvarig oppbevaring ved slakteriet av slakteklar matfisk. Vidare følgjer det av forskrifta § 6-9 at det berre kan gjevast løyve til slaktermerd til godkjent slakteri for oppbevaring av slakteklar fisk, og det blir stilt krav om at oppbevaringa skjer i nærleik til slakteriet det gjeld.

Fiskeridirektoratet legg til grunn at den eksisterande slaktermerddrifta følgjer kriteria i akvakulturdriftsforskrifta § 54, der det kjem fram at fisken maksimalt kan oppbevarast seks døgn i slaktermerd. Ifølgje Fiskeridirektoratets kartverktøy er slaktermerdanlegget plassert i direkte tilknytning til slakteriet. Fiskeridirektoratet vurderer at dei særskilte vilkåra for tildeling av løyve til slaktermerd er oppfylte, jf. laksetildelingsforskrifta § 6-1 fjerde ledd, og § 6-9.

Ifølgje laksetildelingsforskrifta § 6-4 første ledd «kan» Fiskeridirektoratet gje løyve til akvakultur av matfisk til særlege formål etter ei «fagleg vurdering». Løyve kan givast mellombels for inntil 10 år av gongen, og varigheita blir fastsett etter ei konkret behovsvurdering. Det følgjer vidare av laksetildelingsforskrifta § 6-14 første ledd at maksimal tillaten biomasse blir fastsett etter ein «konkret vurdering hvor det blant annet skal tas hensyn til søkers behov». Maksimal tillaten biomasse per løyve kan ikkje overstige 780 tonn.

Søkjar har opplyst at dei har eit behov for utviding av slaktermerdløyyvet for å få nødvendig tilgang på nok råstoff og bidra til kontinuerleg produksjon ved slakteriet. Behovet er grunna i at utviklinga med større fartøy og laster i brønnbåtnæringa vil gi færre leveringar til slakteriet, og at det dermed vil bli eit behov for meir slakterikapasitet for kortvarig oppbevaring av både eigen fisk og fisk frå eksterne aktørar framover.

Fiskeridirektoratet vurderer på denne bakgrunn at søkjar har sannsynleggjort eit reelt behov for den omsøkte biomasseutvidinga. Fiskeridirektoratet har etter ei samla vurdering kome til at Eide Brandasund AS får tilsegn om utviding av slaktermerdløyyvet. Maksimalt tillate biomasse vert fastsett til 1200 tonn. Utvidinga overstig maksimalavgrensinga på 780 tonn per løyve, jf. laksetildelingsforskrifta § 6-14 første ledd andre setning, og det må difor skrivast ut to løyve.

Fiskeridirektoratet syner til vurderinga ovanfor om søkjar sitt behov. Av omsyn til føreseielegheit for slaktekapasiteten er Fiskeridirektoratet kome til at søkjar skal gjevast tilsegn om utviding av slaktermerdkapasiteten med ein varigheit på 10 år under føresetnad om at begge løyve vert tidsavgrensa i tråd med maksimumsgrensa i laksetildelingsforskrifta § 6-4.

For at løyve skal nyttast er det ein føresetnad at lokaliteten blir klarert. Det er fylkeskommunen som har myndigheit til å klarere lokaliteten, jf. laksetildelingsforskrifta § 8-3.

Fiskeridirektoratet ber Eide Brandasund AS kontakte Vestland fylkeskommune om endring av lokalitet 16281 Kastevika, slik at dei kan vurdere søknad om lokalitetsklarering og utskriving av nytt løyvedokument. Dette kan gjerast ved å nytte søknadsskjemaet



«Lokalitetsklarering særlige formål» som er tilgjengelig i Min side på Fiskeridirektoratet si nettside.

3. Fiskeridirektoratet sitt vedtak

Fiskeridirektoratet gjev Eide Brandasund AS tilsegn om utviding av slaktemerdløyve H-B-0040 frå 780 tonn til 1200 tonn. Tilsegna vert gjeve med ei tidsavgrensing på 10 år frå den dato fylkeskommunen skriv ut løyvedokument, jf. laksetildelingsforskrifta § 6-1, jf. §§ 6-9 og 6-14 første ledd.

Vedtaket er gjort med følgjande vilkår:

1. Tilsegna gjevast som eit løyve på 780 tonn MTB og eit løyve på 420 tonn MTB, ettersom den omsøkte utvidinga overskrid maksimalt tillate biomasse per løyve jf. laksetildelingsforskrifta § 6-14 første ledd andre setning.
2. Tilsegna gjeld for oppbevaring av slakteklar fisk av laks, aure og regnbogaure. Det er ikkje tillate å føre fisken i anlegget.
3. Fisken skal berre haldast i anlegget i kort tid i påvente av slakting, jf. laksetildelingsforskrifta § 6-1 fjerde ledd. Vi viser òg til akvakulturdriftsforskrifta § 54 første ledd.
4. Tilsegna vert gjeve på vilkår om at løyva tidsavgrensast til 10 år frå fylkeskommunen skriv ut løyvedokument, jf. laksetildelingsforskrifta § 6-4 første ledd.
5. Det er ein føresetnad for ta tilsegna i bruk at lokaliteten er klarert og løyvedokument er utskrive, jf. laksetildelingsforskrifta kapittel 8.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker, jf. forvaltningslova § 29. Sjå vedlagd orientering.

Med helsing

Anne Brønsten Osland
seksjonssjef

Konrad Johan Blix
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:

Eide Brandasund As

Støavegen 98

5640

Eikelandssosen

Kopi til:

Eide Brandasund AS v/Vidar Hjartnes

Vedlegg

Orientering om klagerett

KOP

